

Møtebok
frå
utdanningsutvalet

Møtestad: AR 401 og Teams
Tid: 28.10.2020 kl. 10:00 – 11.50

Følgjande faste medlemer møte:

Astrid Birgitte Eggen
Simen Hagen Ekeberg
Elisabeth Enoksen
Rune Giske
Lizelle Haugland
Anne Helliesen
Jan Terje Kvaløy
Bjørge Frøysland Oftedal
Brita Strand Rangnes
Magne Olav Sydnes
Leith Symington
Winusan Wijayaseelan

Følgjande faste medlemer hadde meldt forfall:

Alva Amalie Eide
Aslaug Mikkelsen
Marianne Skogerbo

Følgjande varamedlemer møte:

Amanda Julia Andberg
Hallgeir Bø

Følgjande observatørar møte:

Rune Sørsdal

Frå administrasjonen møte:

Veslemøy Hagen, Stig Selmer-Anderssen og Eilef J. Gard

Møtet vart leia av Astrid Birgitte Eggen

Saksnr.	Innhold	U.off.	Arkivnr.
UU 27/20	Godkjenning av innkalling		
UU 28/20	Godkjenning av møtebok 23. september 2020		19/07149-23
UU 29/20	Kvalitet i studieprogram - akkreditering av treårig profesjonsutdanning i medisin		20/03355-14
UU 30/20	Kvalitet i studieportefølje, studentopptaket 2020		20/11050-2
UU 31/20	Endringer i forskrift om opptak til studier og emner og fastsettelse av krav om karakternivå		19/09316-13
UU 32/20	Forsterking av utdanningskvalitet		19/04467-19
UU 33/20	Resultater av søknadsrunder 2020 innen eksterntfinansierte utdanningsprosjekter		20/11501-1
UU 34/20	Utdanningsdirektøren orienterar		17/05457-2
UU 35/20	Eventuelt		

UU 27/20 Godkjenning av innkalling

Vedtak:

Innkallinga er godkjent.

UU 28/20 Godkjenning av møtebok 23. september 2020

Vedtak:

Møteboka er godkjent.

UU 29/20 Kvalitet i studieprogram - akkreditering av treårig profesjonsutdanning i medisin

Utvalsleiar innleia kort, og ga ordet til prodekan ved Det helsevitskapelege fakultetet, som presenterte studiet på vegne av fakultetet.

Utvalsleiar innleia deretter til samtale. Dette studiet ligg heilt i utdanningsfronten. Andre studier har gjerne element av det me ser her, men når det nå har blitt utarbeidd eit heilt nytt studium har ein hatt høve til å tenkja nytt om heilskapen i utdanninga. Det kan vera til inspirasjon for andre studier ved institusjonen. Dette er ei akkreditering av tre år av eit seksårig studieløp. Me må søkja om endring av gradsforskrifta. Statstråden har vore tydeleg på at gradsforskrifta vil verta revurdert som ein del av strukturmeldinga våren 2021. Det vil koma ei ny sak om opptaksreglar til medisinstudiet.

Utvalet ga ros til studieprogrammet og arbeidet med å utvikla modellen. Fleire medlemmer meinte at den pedagogiske modellen som her er utvikla må verta gjort kjent i andre fakultet.

Utvalet hadde kommentarar og spørsmål også til vurderingsform og rekruttering og opptak.

Prodekan frå Det helsevitskapelege fakultetet ga ei kort forklaring på vurderingsmodellen. Vurderinga skal også sikra at dei sju kompetanseområda i medisinutdanninga blir dekkja i undervisinga.

Utvalsleiar la til at modellen gjer det mogeleg å bruka data både i individuell vurdering og i programevaluering. Den vil byggja ei bru frå individuell vurdering til studieprogramevaluering.

Det står litt ulikt om rekrutteringsgrunnlaget i saka. Utvalsleiar svara at studiet er forma som ein utanlandsmodell, men me veit ikkje om regelverket tillet geografisk avgrensing i opptaket. Det måtte gjerast eit ekstra atterhald i vedtaket dersom me skulle lagt opp til reint utanlandsopptak. Avtalar med utanlandske universitet har vore diskutert, men det hadde gitt oss andre utfordringar. Det måtte då vore bilaterale avtalar. Dette har vore vurdert undervegs. Studentar som søker seg til utanlandske utdanningar oppgir ikkje om dei evt vil byta utdanningsinstitusjon.

Prodekan frå Det helsevitskapelege fakultetet la til at Grimstadutvalet legg til grunn at det skal gå fint å ta inn studentar frå utanlandske studentar. Det liknar på medisinutdanningar i mange andre land.

Samarbeid med Helse Stavanger vart også teke opp. Utvalsleiar viste til den vedlagde intensjonsavtalen og la til at der har vore eit samarbeid med SUS om utviklinga av studiemodellen.

Utvalsleiar la også til at UiS sin studiemodell har vorte lagt merke til, og at det føregår ein diskusjon mange stader om korleis medisinutdanning i Norge kan moderniserast.

Til slutt heldt ho fram at den studiemodellen som styret nå har etablert og som utdanningsutvalet har fått lagt fram for akkreditering, er UiS sin startkapital i vidare arbeid med utvikling av ei ny medisinutdanning i Norge. Saka syner at UiS har eit kompetansmiljø som kan bera ei medisinutdanning. Kommunane i regionen er veldig entusiastiske til studiet.

Vedtak:

Utdanningsutvalet akkrediterar treårig profesjonsutdanning i medisin. Engelsk namn på studieprogrammet er Programme of Professional Studies in Medicine.

UU 30/20 Kvalitet i studieportefølje, studentopptaket 2020

Utvalseiar innleia. Saka har vore gjennom i styret. UiS har betre opptak enn i fjor. Der er nokre studier som slår ut positivt, andre har lågare tal. Når me simulerar inntektene, ser me høgare inntekter. Det jamnar ut det negative talet frå i fjor.

Utvalet hadde følgjande innspel:

- Det er feil i tala frå Fakultet for utøvande kunstfag. Siste tal syner 90 % totalt, i motsetnad til 70 % som står i rapporten.
- Ungdomskulla vert mindre i dei næraste 6-7 åra. Det vil seia færre søkjarar og større konkurranse med andre institusjonar.
- Det må undersøkjast kva overbooking betyr med tanke på gjennomstrøyming.
- Saka har to sider. Det eine er det økonomiske aspektet. Det andre er at det er vanskeleg å motivera til stort overopptak, fordi det vert veldig synleg at der er fråfall. Det er viktig å kommunisera dette internt.

Saka syner eit augeblikksbilete og ikkje heile samanhengen. Utvalseiar kommenterte at me har den studiefinansieringa som me har, og må disponera studieplassane kløktig. Me ser på gjennomstrøyming i høve til opptak når me måler for oss sjølv, men når me rapporterer til KD er det i høve til kandidatmål. Nivået på overopptaket har blitt til i samarbeid med fakulteta.

Utdanningsdirektøren la til at universiteta er på ein konkurransearena. Hadde me ikkje hatt studia som har stort overopptak, hadde me lege under i høve til dei andre institusjonane. Det skal gjerast ein gjennomgang av studieporteføljen på masternivået.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

UU 31/20 Endringar i forskrift om opptak til studier og emner og fastsetting av krav om karakternivå

Utdanningsdirektøren orienterte om saka. Bakgrunnen er at utanlandske studentar har for dårlege engelskkunnskapar. Dersom utvalet gjer vedtak i tråd med framlegget, kan rektor handsama saka på fullmakt.

Kontorsjef for eining for studentservice la til at der har vore lågare og ulike krav ved fakulteta tidlegare. Nå vert krava meir like.

Utvalet hadde kommentarar til rangeringspunkt d) og e). Til d): Kva type faglege nettverk kan det vera? Til e): Formuleringa «Søkere som har fullført eller fullfører mastergrad i Norge i opptaksåret» bør presiserast.

Utdanningsdirektøren fylgjer opp dei spørsmåla og endringsforslaga som kom fram i møtet før saka går til vidare handsaming.

Vedtak:

1. Utdanningsutvalet sluttar seg til utdanningsdirektøren sitt framlegg til endring i forskrift om opptak til studier og emner ved Universitetet i Stavanger, med dei kommentarane som kom fram i møtet, og tilrår styret å vedta endringane som er føreslegne. Endringane trer i kraft så snart som mogeleg.
2. Under føresetnad av at punkt 1 vert vedteke, fastset utdanningsutvalet karakternivå for internasjonalt opptak som føreslege, med heimel i forskrift om opptak til studier og emner § 3-4 bokstav g).

UU 32/20 Forsterking av utdanningskvalitet

Utvalseiar innleia.

Dette er eitt av tre prosjekt som universitetsleiinga har sett i verk i år. Arbeidet med forsterking av utdanningskvalitet føregjekk i vårsemesteret og fekk innverknad på utforminga av kvalitetssystemet. Eit av dei andre prosjekta handlar om effektiv drift. Det tredje prosjektet handlar om bidrags- og oppdragsfinansiering innan sektoren. Denne gruppa ser på både utdannings- og forskingsprosjekt. Det vil koma rapport frå denne også. Alle rapportane og dei tiltaka som dei legg opp til, vil verta brukte når det skal lagast ein handlingsplan for dei neste fire åra. Styret har vedteke ein ny strategi. Denne skal vera grunnlag for ny handlingsplan for heile verksemda ved UiS, og for ny utviklingsplan med KD.

Me som arbeidar med utdanning kan koma med innspel til dei punkta i handlingsplanen som me meiner er viktige for utdanning.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

UU 33/20 Resultat av søknadsrundar 2020 innan eksternfinansierte utdanningsprosjekt

Utvalseiar innleia. Ho har bedt om denne saka for at utvalet skal få oversyn over kva søknader om eksternfinansierte utdanningsprosjekt som vert sende og kva søknader som er innvilga. Dette er ikkje eit heilt svart-kvitt bilete. Nokre forskningssøknader inneheld element av utdanning, og motsett. Ein må arbeida meir med dette for å få fram eit heilt rett bilete av søknader om eksternfinansierte prosjekt.

Utvalet takka for denne oversikta og hadde fylgjande kommentarar:

- Som prodekan opplever eg at eg ikkje har godt nok oversyn over dei ulike utlysingane som kjem.
- Diku har eit godt oversyn på sine nettsider, men me treng betre oversyn for vår del. Me treng også å diskutera kva me vil prioritera.
- Det må byggjast ein kultur for å oppsøkja informasjonen.
- Andre aktørar lyser også ut midler, t.d. fylkeskommunen.
- Det kan vera nyttig for fakulteta å samarbeida om søknader.

Utvalseiar ba om at det vert lagt fram ei sak til neste møte i utvalet, med eit oversyn over utlysingar.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka til orientering med dei kommentarane som kom fram i møtet.

UU 34/20 Utdanningsdirektøren orienterar

Utdanningsdirektøren orienterte om fylgjande saker:

- a) Studiebarometeret går nå. Frå å vera det universitetet med høgast svarprosent i 2018, ligg me nå an til det lågaste nivået.
- b) Emneevaluering vart gjennomført våren 2020 med ein svarprosent på 18. Det vart laga ein rapport som er vedlagt saka. Det vart oppretta ei ny gruppe for emneevalueringar. Denne har laga forslag til ny evaluering. UiS får nytt digitalt system for emneevalueringar neste år. Det skal gjennomførast ein pilot. Emneevalueringa i år går frå 2. – 8. desember. Dei emna som har høgast svarprosent får kake.
- c) Det vart sendt ut spørsmål i september om status for digital undervising og om læringsmiljøet. Dei fleste fakulteta har beredskap for 100 % digital undervising. Utdanningsdirektøren vil senda ein epost til fakulteta og be om at dei har beredskap for 100 % digital eksamen. Eksamenskontoret sender også ut melding til alle studentane som skal ta eksamen om at det skal vera trygt å vera på campus.

Utvalet hadde kommentarar til sakene.

Møtebok utdanningsutvalet, 28.10.2020

Studiebarometeret:

Omleggjinga med administrasjonen av Studiebarometeret i fjor kom brått på fakulteta. Det skal verta betre i år. Der er ei uro nå for at studentane skal svara på mykje samstundes.

Utvalsleiar svara: Det er me veldig klar over. Det hadde vore betre med ei undersøking som dekkja både våre egne spørsmål og det nasjonale perspektivet. Undersøkinga i vår om erfaringar med digital undervising hadde stor innverknad på korleis haustsemesteret vart planlagt og kva tiltak som vart sette i verk.

Utvalet diskuterte også erfaringar med omlegging til digital heimeeksamen for ca 90 % av eksamen i vårsemesteret, og hadde m.a. desse kommentarane:

- Der er ein del usikkerhet mellom studentane om å vera til stades på campus, så det kunne vore nyttig med ei melding om undervising også.
- Det har vore merksemd om tekniske problem i haust med dei digitale systema i heile sektoren. Dette er ikkje noko me kan gjera noko med, men det er undervisarane som får kommentarane frå studentane og det skaper stress. Dette kunne også vore betre kommunisert.
- Kva med dei studentane som plutsleg må vera heime den dagen eksamen går, dersom dei må vera på campus på eksamen? Blir det då konteeksamen, eller vil der vera andre muligheter for å ta den eksamen om igjen før det?
- Der er ting som tyder på at studentar samarbeidar om eksamen når den vart gjort om til digital heimeeksamen, på ein måte som kan liggja i grenselandet til fusk.
- Det samfunnsvitskapelege fakultetet har arbeidd med digitale format på eksamen. Dei har hatt egne workshop om digital heimeeksamen.
- Ein mykje større del studentane møtte til eksamen i vår. Det kan vera pga at mange studentar mista jobben dei hadde og dermed fekk meir tid til studia.

Utvalsleiar konkluderte med at utdanningsutvalet ber om ei sak om statistikk over fusk ved eksamen.

Utdanningsdirektøren la til at universitetet må førebu seg på 100 % digital undervising dersom smittesituasjonen vert forverra. Då må studentane ivaretakast slik at me ikkje mistar dei. Ei løysing kan vera å organisera studentane i kohortar.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

UU 35/20 Eventuelt

Der var ingen saker til eventuelt.